

ÅRSMELDING VAKSDAL IL

2020



VAKSDAL IDRETTSLAG

Klubbnavn:	Vaksdal Idrettslag		
Stifta:	18.11.1925		
Postadresse:	5725 Vaksdal		
E-postadresse:	post@vaksdalil.no		
Internettadresse:	www.vaksdalil.com		
Organisasjonsnummer:	993 534 153		
Banktilknytning:	Sparebanken Vest		
Bankkonto:	Hovudkonto:	3500.07.03026	
	Fotballgruppa:	3500.07.03573	
	Trimgruppa:	3530.26.69870	
Medlem av:	Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité		
Tilknytta:	Hordaland fotballkrets, Vaksdal idrettsråd		

Innhald

Bygd i bevegelse	4
Hovudstyret	5
Økonomi	6
Fotballgruppa	7
Handball	10
Trimgruppa	11
Andre aktivitetar	12
Utvikling av idrettsparken	13

VEDLEGG A

Resultater 2020	14
Budsjett 2021	19





Bygd i bevegelse

Vaksdal Idrettslag har i 2020 hatt lågt aktivitetsnivå på grunn av Covid-19 og dei restriksjonane det har medført. På tross av redusert tilbod og moglegheiter har det vore mange gode initiativ for å halde seg i bevegelse og dette året.

Vaksdal er ei bygd der både barn og vaksne er i rørsle, og der idrettslaget er fleksibelt og terskelen er låg for å etablere nye aktivitetar. Det er mange eldsjeler i bygda, og mange som er villige til å bidra i ulike styrer og verv. Det medfører at laget kan tilby mange helsefremjande aktivitetar, og tilretteleggje for møteplasser som kan skape trivsel og samhald.



Hovudstyret 2020

Leiar: Henning Lirhus

Nestleiar: Lasse Ulveraker

Kasserar: Renate Kvitne

Skrivar: Elisabeth Faugstad Gullbrå

Styremedlem: Trygve Thom

Styremedlem: Øystein Jacobsen

Varamedlem: Kathrine Audestad

Varamedlem: Tormod Amundsen

Valnemd

Elizabeth Gjessing

Linda Lien

Revisorar

Ingunn Nystedt

Trygve Boge

Medlemmer

I 2016 passerte VIL 400 medlemmer for fyrste gong på mange år. Etter det har talet halde seg meir eller mindre jevnt. I 2020 var det totalt 457 medlemmer. 240 kvinner og 217 menn.

Kontingentar

Barn*: 150,-

Vaksen: 250,-

Familie**: 500,-

B-medlemskap, barn: 50,-

B-medlemskap, vaksen: 100,-

Støttemedlemskap: 150,-

Treningsavgift fotball barn*: 300,-


Treningsavgift fotball vaksne: 500,-

Treningsavgift i salen vaksne: 750,- pr. år

* Medlemmer betaler barneavgifter til og med det året dei fyller 15 år.

** Inntil to vaksne, samt barn til og med det året dei fyller 19 år.

Antal medlemmer dei siste åra



Økonomi

2020 har vore eit spesielt år for Idrettslaget og dette påverkar økonomien. Me har i år ikkje kravd inn medlemsavgift, treningsavgift eller fakturert dei lokale sponsorane våre som er vårt bidrag til dugnaden. Me har vore flinke til å søkje støtte til våre prosjekter som gjer at året likevel gjev eit plussresultat.

For 2020 kjem Idrettslaget ut med eit overskot på kr 127.117 totalt sett. Totale inntekter er på kr 455.985 og kostnadane er på kr 328.868.

Dette er tilfredsstillande for Idrettslaget. Det er ikkje eit mål i seg sjølv at Idrettslaget skal gå med store overskot. Det er viktig med ein tilfredsstillande økonomi der ein og kan sette av litt pengar kvart år til framtidige investeringar.

Inntektene til Idrettslaget kjem i år hovudsakeleg frå sponsorinntekter frå Sparebanken Vest, grasrotmidlar, støtte frå Vaksdal kommune og Idrettsforbundet. Midlane bruker ein til det beste for medlemmene av Idrettslaget.

Vaksdal Idrettslag har svært låge satsar på medlemsavgifta og treningsavgifter. Det forsøker ein så langt ein kan å oppretthalda og framover. Me er eit Idrettslag med høg grad av frivillig innsats og det er svært lite godtgjersle for alt arbeidet som trenarar, styremedlemer og andre legg ned som dugnadsinnsats for laget.

Rekneskap

Nøkkeltall (i parentes tilsvarande tall for 2019 ex utvikling av Idrettsparken)

Inntekt:	kr 455.985	(680 577)
Kostnader:	kr 328.868	(489 233)
Driftsresultat:	kr 127.117	(191 359)

Fotballgruppa

Leiar: Johnny Falkanger

Kasserar: Cecilie Kleiveland

Skrivar: Sol Kari Boge

Styremedlem: Elin Merete Sæterdal

Styremedlem: Kay Roger Elvheim

Styremedlem: Kenneth Vik

Styremedlem: Tommy Amundsen

Styremedlem: Jenni Haugland



Fotballgruppa har gjennom 2020
vore opptatt av å:

- Legge til rette for god oppslutning rundt aktivitetane
- Gje tilbod til alle interesserte så langt som råd





Aktivitet

Det er store variasjoner i årsklassane på Vaksdal, men Vaksdal er fortsatt klubben i kommunene som har flest aldersbestemte lag og aktive spelarar.

Det er mange som vel å delta i fotballaktiviteter og ein har i sesongen 2020 hatt 8 aktive lag. Samt at ein har nokre spelarar som har deltatt på lag i andre klubbar i kommunen.

Etter sesongen var ferdig har ein arbeidet med nye samansetninger av laga grunna naturlige endringer og samanslåinger av lag for å kunne spele 5'ar, 7'ar og 9'ar fotball. I tillegg starta årets 1. klassinger-2014 kullet så smått med litt treningar hausten 2020.

Cupar/seriespel

Det har vore lite cupar som har latt seg gjennomføre i løpet av sesongen. Mix2013, Mix2014, G10/11 og G08/09 deltok på Søtt og Salt cup i Vestlandshallen helga før koronasituasjonen gjorde at Norge måtte stenge ned i mars 2020.

Vårsesongen blei avlyst for alle aldersklasser, og dette gjaldt alt av treningar og kamper. Ein kunne så smått starte opp med treningar i slutten av mai, men då med strenge restriksjoner.

I august 2020 opna det litt opp igjen i forhold til dei under 20 år.

Og ein fekk endeleg både trene og spele kamper som normalt. Dei eldste laga fekk gjennomført haustsesongen frå august til november.

2013 kullet deltok ikkje i seriespel, men deltok på lokalcup for 2013-kulla på Hausvik på hausten.

Sparebanken Vest-cup

Ein håpa lenge at ein skulle ha kontroll på koronasituasjonen til hausten slik at ein kunne få gjennomført cupen som normalt. I løpet av hausten såg ein at dette ikkje lot seg gjennomføra grunna smitteutbrot, smittevern og restriksjonar, og ein måtte avlyse cupen for fyrste gong på lenge.



A-laget:

Oppkjøringen mot ny sesong i 6 div var prega av bra oppmøte på treningane og ny giv i gjengen etter ein tøff fjorårs sesong. Laget fekk gjennomført to treningskamper i løpet av feb/mars før koronaen stengte ned landet. Dette skulle vise seg å bli langvarig, og heile 2020 sesongen blei avlyst for 6 div.

Dei har i løpet av sesongen kun hatt lov til å trene øvelser og alternativ treningsøker. Motivasjonen har naturlegvis vore prega av at ein ikkje har kunne trene som normalt og heller ikkje har hatt kamper og jobbe fram mot. Ein arbeide for at laget skal kunne stille til seriespel i 6.div i sesongen 2021, og laget vil då spele i same gruppe som dei skulle deltatt i 2020 sesongen.



Handball

Leiar og trenar: **Maren Amanda Thorkildsen**

Vårsesongen 2020 spelte jentene i aldersgruppa J 14 (sesongen 2019/2020) i B-serien. Me endte sesongen før den var fullført, då de siste kampane vart avlyst pga Covid-19.


Ved påmelding til ny sesong (2020/2021) var me blitt einige om å slå oss i lag med Dale og melde på to lag, J14 og J15, for å kunne dele på spelarar.

Maren vart trener for Vaksdal/Dale J15. I aldersgruppa frå 15 år og oppover vert det spelt med klister.

Då me skulle få starte opp att treningar i haust, og jentene skulle starte opp att med kamper, fekk me ikkje trene med klister pga kapasiteten til reinhald i Turbinen. Det vart ein lang «kamp» for å få lov å bruke klister på trening. Etter mykje fram og tilbake, og med involvering frå Hordaland håndballkrets fekk me omsider lov trene med klister.

På grunn av ein ikkje fekk trene med klister måtte fleire kampar utsettast. Me fekk spelt ein kamp der motstandar gjekk med på å spele utan klister. Etter to treningar med klister, fekk me spelt kamp nr 2 for sesongen før ny nedstenging. Denne kampen var i Turbinen med strenge reglar for smittevern.

Eg merker at mangel på kampar og kontinuitet i trening tappar både jenter og trener for motivasjon. Fleire jenter har varsla at dei vil gje seg. Etter samanslåing har eg hatt tilsaman 9 aktive spelarar på J15. Det har vore varierende oppmøte på dei treningane me har fått gjennomført.



Trimgruppa

Leiar: Malin Sæterdal

Skrivar: Line Kydland

Styremedlem: Stine Njåstad

Styremedlem: Aina Ulveseth



Møteverksemd:

Det har ikkje vore møte i trimgruppa dette året, på grunn av koronasituasjonen.

Året som gjekk:

Trimgruppa har fått betre oversikt over deltakarar som er med på dei ulike aktivitetane i gymsalen. Trenarane har tatt ansvar for registrering ved oppmøte, og melder tilbake til trimgruppa, slik at ein kan registrere nye medlemmar.

På grunnlag av at det har vore lite aktivitet i salen dette året, har trimgruppa bestemt at ein ikkje skal fakturere deltakarar som kun har fått vore med på ei eller to treningar før salen har blitt stengd igjen. Dette vil ein gjere når ein er tilbake i normal drift.

Britt Løvstakken gav seg som trenar i idrettslaget i desember 2019. Trimgruppa har ikkje lukkast med å få tak i ny trenar.

Rebekka Folgerø har starta opp sirkeltrening for ungdom. Det er veldig positivt at me kan ha eit tilbod til denne aldersgruppa.

Etter at hovudstyret kom med forslag om kun ei treningsavgift i året, har trimgruppa gått vekk frå forslaga om enkeltbetalingar.

På grunn av koronasituasjonen har det vore lite aktivitet i gymsalen dette året. I dei periodane der salen har vore open har me prioritert aktivitetar for born og unge.

Då me fekk løyve av kommunen til å ha to treningar for dagen, hadde me moglegheit til å tilby trening for både store og små – her har det vore godt oppmøte.

Sirkeltreninga har vore flinke til å tilby økter ute, dersom det har vore moglegheit for dette.

Oppgåver i året som kjem:

Trimgruppa skal jobbe vidare med å kartlegge og registrere medlemmer.

Trimgruppa vil også sjå meir på moglegheita for eit breiare treningstilbod for vaksne.

Idrettsskulen

Leiar: Aina Ulveseth

Styremedlem: Sandy Fritzsche

Året som gjekk:

Det har vore bra oppmøte på idrettsskulen dette året, og ein ser at ungane har det kjekt i gymsalen. Me starta med ballspel i november, men så vart det stengt. Fekk moglegheit til å ha to økter med open gymsal i desember. I januar har det vore høgdehopp, dansestopp, limbo og frileik. Me gler oss til stafett og ulike leikar i februar, samt langrennski i mars.

Turtrim

Det har vore bra registrering i dei ulike turbøkene. Leif Inge gjer ein stor innsats med å passe på at det er bøker i postkassene og bytter ut bøker etter kvart som dei vert utskrivne. Det er kjekt å sjå at mange går på tur og registrerer seg i turbøkene. Kvart halvår vert det trekt ut fem vinnarar som får eit gåvekort på 500 kr.



VEDLEGG A

Driftsresultater 01.01.2020 - 31.12.20

Gjelder periode 01.01.2020 - 31.12.2020	
HOVEDSTYRET	
Driftsinntekter	
3123 Sponsorinntekt, avgiftsfri	38 000
3410 Grasrotmidler fra Norsk Tipping	114 290
3420 Kommunale tilskudd	103 996
3440 Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	112 062
3920 Medlemskontingenter	4 636
3970 Tilskudd fra andre organisasjoner	80 000
Sum Inntekt	452 984
Driftskostnader	
4035 Innkjøp varer og halvfabrikata, lav avgiftssats	- 752
6300 Leie lokaler	- 6 178
6420 Leie data systemer	- 5 219
6490 Annen leiekostnad	9
6540 Inventar (Res)	- 17 082
6550 Driftsmaterialer	- 79 500
6560 Rekvisita	- 450
6580 Idrettsutstyr	- 60 265
6810 Datakostnad	- 11 730
7440 Gaver til frivillige	- 15 800
7460 Premier til deltakere	- 570
7500 Forsikringspremier	- 25 099
7770 Bank og kortgebyrer	- 574
7790 Andre kostnader	1
Sum Kostnader	- 223 210
Driftsresultat	229 774
Finansielle poster	
8051 Renteinntekt bankinnskudd	2 239
8070 Annen finansinntekt	1 233
8179 Annen finanskostnad	- 536
Sum Finansielle kostnader	2 936
Ordinært resultat	232 710

Gjelder periode 01.01.2020 - 31.12.2020	
Gupper: Fotballgruppa	
Driftsinntekter	
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	1 940
3930 Treningsavgifter	577
Sum Inntekter	2 517
Driftskostnader	
5501 Dommarrekningar	- 7 500
6550 Driftsmaterialer	-14 773
6565 Mat og drikke	- 1 930
6580 Idrettsutstyr	-19 075
7415 Påmelding serier, turneringer etc	- 7 150
7440 Gaver til frivillige	-19 400
7500 Forsikringspremier	4 655
7791 Gebyrer kamp o.l.	- 4 150
Sum Kostnader	-69 323
Driftsresultat	-66 806

Gjelder periode 01.01.2020 - 31.12.2020	
Gupper: Håndball	
Driftsinntekter	
Sum Inntekter	-
Driftskostnader	
5501 Dommarrekninger	- 4 346,37
6550 Driftsmaterialer	- 3 323,00
6565 Mat og drikke	- 419,50
7400 Kontingenter, fradragsberett.	-12 500,00
7460 Premier til deltakere	- 1 120,00
7791 Gebyrer kamp o.l.	- 5 250,00
Sum Kostnader	-26 958,87
Driftsresultat	-26 958,87

Gjelder periode 01.01.2020 - 31.12.2020	
Gupper: Trimgruppa	
Driftsinntekter	
3930 Treningsavgifter (frå 2019)	485
Sum inntekter	485
Driftskostnader	
5990 Annen personalkostnad	- 5 957
6580 Idrettsutstyr	- 920
Sum Kostnader	- 6 877
Driftsresultat	- 6 392
Finansielle poster	
8051 Renteinntekt bankinnskudd	30
Sum kostnader	30
Ordinært resultat	- 6 362

Gjelder periode 01.01.2020 - 31.12.2020	
Heile Idrettslaget	
Driftsinntekter	
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	1 940,20
3123 Sponsorinntekt, avgiftsfri	38 000,00
3410 Grasrotmidler fra Norsk Tipping	114 289,93
3420 Kommunale tilskudd	103 996,00
3440 Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	112 062,00
3920 Medlemskontingenter	4 635,64
3930 Treningsavgifter	1 062,08
3970 Tilskudd fra andre organisasjoner	80 000,00
Sum Inntekter	455 985,85
Driftskostnader	
4035 Innkjøp varer og halvfabrikata, lav avgiftssats	- 752,10
5501 Dommarrekninger	- 11 846,37
5990 Annen personalkostnad	- 5 956,94
6300 Leie lokaler	- 6 178,00
6420 Leie datasystemer	- 5 219,34
6490 Annen leiekostnad	9,00
6540 Inventar (Res)	- 17 082,15
6550 Driftsmaterialer	- 97 596,00
6560 Rekvisita	- 450,00
6565 Mat og drikke	- 2 349,30
6580 Idrettsutstyr	- 80 260,10
6810 Datakostnad	- 11 730,00
7400 Kontingenter, fradragsberett.	- 15 000,00
7415 Påmelding serier, turneringer etc	- 7 150,00
7440 Gaver til frivillige	- 35 200,00
7460 Premier til deltakere	- 1 690,00
7500 Forsikringspremier	- 20 444,00
7770 Bank og kortgebyrer	- 573,75
7790 Andre kostnader	0,70
7791 Gebyrer kamp o.l.	- 9 400,00
Sum kostnader	-328 868,35
Driftsresultat	127 117,50
Finansielle poster	
8051 Renteinntekt bankinnskudd	2 269,00
8070 Annen finansinntekt	1 233,00
8179 Annen finanskostnad	- 536,34
Sum kostnader	2 965,66
Ordinært resultat	130 083,16

Budsjett 2021

	Resultat 2020	Budsjett 2021
Driftsinntekter		
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	1 940,20	15 000,00
3123 Sponsorinntekt, avgiftsfri	38 000,00	92 000,00
3410 Grasrotmidler fra Norsk Tipping	114 289,93	120 000,00
3420 Kommunale tilskudd	103 996,00	100 000,00
3440 Tilskudd fra Norges Idrettsforbund	112 062,00	100 000,00
3920 Medlemskontingenter	4 635,64	56 000,00
3930 Treningsavgifter	1 062,08	77 000,00
3970 Tilskudd fra andre organisasjoner	80 000,00	50 000,00
Sum Inntekter	455 985,85	610 000,00
Driftskostnader		
4035 Innkjøp varer og halvfabrikata, lav avgiftssats	-752,1	-6 750,00
5501 Dommarrekninger	-11 846,37	-34 000,00
5990 Annen personalkostnad	-5 956,94	-20 000,00
6300 Leie lokaler	-6 178,00	-40 000,00
6420 Leie datasystemer	-5 219,34	-5 500,00
6490 Annen leiekostnad	9	-
6540 Inventar (Res)	-17 082,15	-15 000,00
6550 Driftsmaterialer	-97 596,00	-150 000,00
6560 Rekvisita	-450	-500
6565 Mat og drikke	-2 349,30	-2 000,00
6580 Idrettsutstyr	-80 260,10	-150 000,00
6810 Datakostnad	-11 730,00	-12 200,00
7400 Kontingenter, fradragsberett.	-15 000,00	-15 000,00
7415 Påmelding serier, turneringer etc	-7 150,00	-8 000,00
7440 Gaver til frivillige	-35 200,00	-25 000,00
7460 Premier til deltakere	-1 690,00	-5 000,00
7500 Forsikringspremier	-20 444,00	-21 000,00
7770 Bank og kortgebyrer	-573,75	-600
7790 Andre kostnader	0,7	
7791 Gebyrer kamp o.l.	-9 400,00	-10 000,00
Sum kostnader	-328 868,35	-520 550,00
Driftsresultat	127 117,50	89 450,00